


137/127



LINDÅS KOMMUNE

Teknisk etat

Stig Are Bergetun
Isdalstø
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref:

Vår ref:
00/01928-3Sakshandsamar:
Arne EikefetDirekte tlf:
56 35 66 34Arkivkode:
137/484Dato:
14.07.00

Vedk. avløpssanering Alverneset

Fylkesmannen i Hordaland har i vedtak av 21.03.97 inndrege tidlegare utsleppsløyver for kommunalt avløpsvatn. Samstundes er det innført nye krav for reinsing av kommunale utslepp og for alle nye private einskild- og fellesutslepp.

Det er forventa at også eksisterande private felles- og einskildutslepp vil få endring i utsleppskrava. Særleg gjeld dette utslepp som i dag er utan reinsing.

Dette vil naturleg nok påføre ein del av innbyggjarane investeringskostnader. Lindås kommune nyttar difor høvet til å informere om saker som kan redusere slike forventa utgifter.

Ved teknisk etat er Dykkar eigedom registrert med kloakk tilknytt ureinsa utslepp og vert difor omfatta av ovanstående.

Årsaka til at dette brevet blir sendt no er at det er søkt om bygging av einebustad på gnr.137, bnr.484. Etter krav i vedteken hovudplan for avløp vert det ikkje gjeve løyve til einskildutslepp i dette området. Derimot vert det kravd tilknytning til fellesanlegg som kan godkjennast i hht dagens reinsekrav, dvs 3-kamra slamavskiljar eller silanlegg (for store anlegg).

Eigaren av 137/484 er Truls Thorgersen, adr. Litlevika 67, 5914 ISDALSTØ. Etter førehandskonferanse med Lindås kommune vil han tilby å administrere bygging av felles slamavskiljar som vil dekke reinsekravet for alle eigedomane som i dag er tilknytt det eksisterande ureinsa utsleppet i området. Forutsetninga er at dette blir eit felles økonomisk prosjekt, både etablerings- og driftsmessig.

Kommunen vil oppfordre Dykk til å ta kontakt med Thorgersen. Vår erfaring tilseier at dette er ein verdifull sjanse til å få til ei rimeleg løysing for alle partar, i tillegg til at sjøen nedanfor vert meir tiltalande ved fiske og friluftsliv.

Lindås kommune, VAR-avdelinga, vil hjelpe til med dimensjonering og teknisk rådgjeving.

Til sist gjer ein merksam på at det til eit slikt samarbeidsprosjekt kan søkjast om kommunale midlar til delfinansiering.

Med helsing

Arne Eikefet, avdelingsingeniør VAR

Postadresse
5914 ISDALSTØ

Besøksadresse
Rådhuset

Telefon
56 35 65 00

Telefaks
56 35 65 01

Konto
0805 5787809
Organisasjonsnr.
935 084 733